



SAK 45/13 LANDSDELSSCENE FOR DANS PÅ ÅL KULTURHUS I HALLINGDAL

Saka er utgreidd av kulturhusleiar Thor Olav Fjellhøi i Ål kommune. Forslag til vedtak er endeleg utforma av dagleg leiar Regionrådet for Hallingdal.

Bakgrunn:

Administrasjonen i Buskerud Fylkeskommune uttrykkjer svært positive signal til å samarbeide med regionen Hallingdal om etableringa av Landsdelsscene for Dans på Ål kulturhus. Dette vil representere eit tiltak som både styrkjer utviklinga av det regionale kulturhuset, kulturlivet i Hallingdal og Buskerud sin profil. I strategisk plan for Hallingdal er Ål kulturhus løfta fram som eit viktig felles satsingsområde for kultur- og reiselivet i regionen. Etableringa av Landsdelsscene vil vere eit viktig grep for å utvikle denne satsinga vidare. Ein føresetnad for at Buskerud Fylkeskommune kan jobbe for å hente ut statlege midlar til etableringa, er at alle kommunane i Hallingdal stiller seg bak denne satsinga.

Det er viktig å merke seg at dei fylkeskommunale investeringsmidlane som er tenkt knytt til prosjektet, ikkje er tenkt henta frå potten spelemidlar til kulturbygg (desentralisert ordning for kulturbygg), der det forelegg søknader frå fleire av Hallingdalskommunane.

Grunna landsdelsperspektivet i denne satsinga uttrykkjer administrasjonen i Buskerud Fylkeskommune at eventuelle tilskotsmidlar må kome frå andre postar enn kulturbyggmidlane, mellom anna ved auka del av statlege midlar.

Landsdelsscene for dans

Med etableringa av Landsdelsscene for dans vil Ål kulturhus, Hallingdal og Buskerud ta ei sentral rolle i utviklinga av profesjonelle dansemiljø i Norge. Denne satsinga er i tråd med den satsinga som no er i gang med å byggje kompetansesentra utanfor dei store byane. Dei nasjonale aktørane, som til dømes Nasjonalballetten, vil framover få eit auka krav om samarbeid med lokale og regionale aktørar rundt i heile landet. Ei Landsdelsscene for dans med base i Ål kulturhus vil gjennom eit allereie oppretta nettverk med sentrale aktørar, kunne ta ei rolle som blir viktig i Hallingdal, men også for Buskerud fylke.

Nye tilrettelagte areal og fasilitetar i kulturhuset vil i kombinasjon med tilgjengeleg kompetanse innan kulturproduksjon og gode nettverk, skape eit kraftsenter som dansemiljøet i Hallingdal, Buskerud og Norge treng.

Norsk Kulturråd har tatt initiativ til å vurdere om det er naudsynt med eit nasjonalt nettverk for dans. Prosjektet Landsdelsscene for dans i Ål kulturhus har fått ein sentral plass i det utviklingsarbeidet, og har såleis skaffa seg ei strategisk viktig rolle inn mot sentrale myndigheiter.

Kulturskulane i Hallingdal har pr. i dag nærare 400 danseelevar, eit tal som er venta å auke ytterlegare på sikt. Ei satsing på Landsdelsscene-rolla vil vere eit stort lyft for alle kulturskulane i regionen og opne for nye tilbod og aktivitetar innan dans. I tillegg vil dette kompetansesenteret kunne gje regionen betre tilgang til lærarkrefter innan dans.

Ål kulturhus har i samarbeid med Nasjonalballetten gjennomført 4 store prosjekt under logoen Dans i Dal'n. Siste runde vart avvikla i 2007 og alle Hallingdalskommunane var då involverte. Prosjekta fekk stor merksemd i heile landet, og synte på ein god måte kva



potensiale eit kraftsenter for dans i Hallingdal har for å etablere eit unikt dansemiljø for heile landsdelen.

Økonomi:

Total pris for bygging av ny sal tilknytt eksisterande areal i Ål kulturhus er kostnadsrekna til kr. 35 mill + mva. I august 2013 løyvde Ål kommunestyre 19 millionar til eigenandelen i prosjektet. Resten av finansieringa må hentast frå fylkeskommunale og statlege midlar, i tillegg til frå private aktørar.

Som tidlegare påpeika i denne saka er dei fylkeskommunale investeringsmidlane som er tenkt knytt til prosjektet, ikkje frå same potten som spelemidlar til kulturbygg. Administrasjonen i Buskerud Fylkekommune presiserer at eventuelle tilskotsmidlar må kome frå andre postar enn kulturbyggmidlane. Dette er ei så viktig satsing for Buskerud, slik utviklingsjefen i fylkeskommunen uttrykkjer det, at andre midlar enn innafor kulturpotten må nyttast.

Totale driftsutgifter for nye areal inklusive funksjonen Landsdelsscene for dans er berekna til 1,8 mill. kroner. Inntektene knytt til utleige av areala og billettintekter frå arrangement, samt driftstilskot frå stat/fylkeskommune er stipulert til 1,1 mill kroner. Dette medfører behov for ei auka driftsramme for kulturhuset på kr 744.000,-. Dette ligg inne i vedtaket som Ål kommunestyre gjekk inn for i august.

I Buskerud Fylkeskommune sin gjeldande Scenekunstplan er utvikling av profesjonelle dansemiljø i fylket peikt ut som eit viktig satsingsfelt. Hallingdal har gjennom prosjektet Landsdelsscene for dans på Ål kulturhus eit særst godt utgangspunkt for eit samarbeid med fylkeskommunen, som inkluderer delfinansiering av investering og drift.

Administrasjonen i fylkeskommunen har presisert at det er avgjerande at alle kommunane i Hallingdal stiller seg positive til satsinga og står samla om viljen til å etablere Landsdelsscene for dans på Ål kulturhus.

Forslag til vedtak:

Regionrådet for Hallingdal står samla bak ambisjonane knytt til etableringa av Landsdelsscene for Dans med base i Ål kulturhus, og vil jobbe for å skape gode regionale prosessar knytt til jobben med å skaffe finansiering frå fylke og stat til investering og drift. Rolla som landsdelsscene har som mål å gje kulturlivet i Hallingdal eit auka lyft generelt, og dansemiljøet spesielt.

Regionrådet for Hallingdal rår til at kommunane i Hallingdal gjer slikt vedtak:

.....kommunane støttar opp om etableringa av Landsdelsscene for Dans med base i Ål kulturhus.

Ål 24.11.2013

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar